

Innspel til planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel.

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
23 FEB 2018	
Ark. saknr. 17/3013	Løpnr.
Saksh.	Tilgangskode

Vedrørende næringsareal Espeland/Åse.

Som grunneigarar ber me om at arealet vårt vert fjerna som ledigt næringsareal i kommuneplanen.

Som ein kan lesa av «Kommunal planstrategi 2016-2019 og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel» så spør ein seg om mellom anna : Er det avsett tilstrekkeleg med areal til næring i gjeldande kommuneplan, og ligg desse på rett stad?

Me meiner at eit næringsareal på Espeland/Åse er heilt fleilplassert, og området er lite eigna til alt anna enn jorbruksdrift. Dersom ein ser på det reint praktiske med å anlegge næringsareal på dei største dyrkbare myrareaala i Lindås kommune, med våtmarksområder som næraste nabo, so kan me ikkje skjønna anna, enn at dette vil verta vanskjeleg og svært kostbart

Arealet vil utan tvil verta så dyrt å opparbeide, at bere det aleine vil gjera andre areal i kommunen langt betre eigna. Til dels Kjevikdalen feks. Her er bere haug og hammar.

Med det store næringsarealet på Eikanger, så treng ein strengt tatt ikkje meir næringsareal på ei stund, og ein bør uansett byggje ut det ein har klart, før ein går vidare til andre plassar.

Dersom tidene endrar seg, og me skulle stå i fare for å få matmangel her i landet, så er desse myrane gull verdt, dei vil utan tvil med dyrking, gje monarlege mengdar med grovfor, som igjen vil kunne gje bøndene i området mogligheit til å auka produksjonen betraktelig.

Me tykkjer det er uheldig at når ein besøkjer Lindås Kommune sine nettsider, så kan ein få inntrykk av att det er eit påbegynnande næringsareal på Espeland/ Åse. Dette er ikkje slik det er, og me ønskjer at arealet vert endre attende til **LNF**.

Med venleg helsing.

Margareth Nystrand 163/1

Margareth Nystrand 6/2-18

Kjell Haugen 186/1

Kjell Haugen 6/2-18